



***PROTOKOLL***

***FRÅ***

***STYREMØTE***

***29. AUGUST 2014***

***(7/14)***

Det blei halde styremøte i Fiskarlaget Vest fredag 29. august 2014, kl.1200, i Norges Sildesalgslag sine lokale.

Følgjande deltok:     Kåre Heggebø, leiar  
                          Mons Eivind Troland  
                          Helge Olav Vikshåland  
                          Finn Magnus Alvestad  
                          Knut Arne Torget  
                          Jarle Glesnes  
                          Daniel Stenevik

Frank Midtbø, og hans varamenn var hindra i å møte.

Leiar i Kontrollnemnda, Jakob Magnar Jakobsen (1200-1420)

Administrasjonen:   Britt Sæle Instebø, sekretær  
                          -----

Følgjande saksliste blei lagt fram for styret:

- SAK   57/14  Struktur i ringnot og torsketrål.
  - SAK   58/14  Invitasjon til årsmøte i Fiskerlaget Sør, 24.-25.10.14, Kristiansand.
  - SAK   59/14  Administrativt handsama saker.
  - SAK   60/14  Referatsaker.
  - SAK   61/14  Orienteringssaker.
  - SAK   62/14  Deltakarlova og fiskesalslagslova - oppfølging.
- 

#### **SAK   57/14  ENDRINGAR I STRUKTURKVOTETAKET FOR TORSKETRÅL OG RINGNOT.**

##### Orientering

Fiskarlaget Vest og Austevoll Fiskarlag har fått skriftleg henvending frå eit ringnotfartøy, på vegne av totalt 10 fartøy, i høve stemmereglane som blei fulgt på medlemsmøtet i Austevoll Fiskarlag 25.08.14. Dei meiner at lovene til Norges Fiskarlag ikkje blei fulgt da ein ikkje fekk stemme for fartøya som er medlem i Fiskebåt.

Så langt styret i Fiskarlaget Vest er kjent med lovene i Norges Fiskarlag, og etter bekrefting frå Norges Fiskarlag, meiner styret at vedtaket i Austevoll Fiskarlag er lovleg fatta.

**VEDTAK:**

«Ein viser til høyringsnotat av 23.06.14 frå Nærings- og fiskeridepartementet om saka.

Ein konstaterer at høyringssaka er kome på bakgrunn av at «Fiskebåt (har) i sitt årsmøte (februar 2014) anbefalt at kvotetaket for ringnot vert auka frå 650 til 850 basistonn, og at kvotetaket for torskestrål vert auka frå tre til fire kvotefaktorar.»

Fiskarlaget Vest har hatt saka ute til høyring i lokallaga.

Ein har fått tilbakemelding frå Austevoll Fiskarlag, Eigersund og Sokndal Fiskarlag, Øygarden og Sotra Fiskarlag og Sunnhordland Fiskarlag.

Styret i Fiskarlaget Vest er prinsipielt for struktur som verkemiddel for å sikre tilstrekkeleg inntening i flåten.

Styret i Fiskarlaget Vest viser til vårt vedtak 14.01.14 i sak 04/14,

«Konsekvensutgreiing om eventuelt auka kvotetak i ringnot».

Landsstyret i Norges Fiskarlag vedtok 12.-13.05.14 m.a. følgjande i sak 22/14,

«Strukturkvoteordningene i fiskeflåten – vurderinger av behov for justeringer»,

«Havfiskeflåten»:

«Når det gjelder havfiskeflåten så er Fiskarlaget kjent med at departementet arbeider med et høyringsnotat som omhandlar forslag om å øke kvotetakene i ringnotflåten og torskestrålflåten. I forbindelse med dette arbeidet vil Norges Fiskarlag minne om at organisasjonen tidlegare har anmodet departementet om å utrede ulike konsekvenser knyttet til spørsmålet om økning av kvotetaket for ringnotflåten, jfr. Styrevedtak fra Fiskarlaget Vest av 14.1.14 som er oversendt departementet.»

Styret konstaterer at høyringsdokumentet er kortfatta, og handsamar lite konsekvensane av forslaget, spesielt for tilknyttande næringar t.d. service- og leverandørverksemdar.

Det er registrert 37 **torskestrål**konsesjonar pr. 21.06.14 i høve høyringsnotatet.

Hordaland har ein av desse.

Det er totalt 87,93 kvotefaktorar, og ein kan tildelast 3 kvotefaktorar, inklusiv båten sin eigen kvote, pr. båt.

Når det gjeld torsk og hyse har 23 fartøy (62%) større kvotefaktor enn 2,5, sei – 31 fartøy (84%).

Torsketrål ligg lavare enn m.a pelagisk trål, som nyleg fekk auka si konsesjonsgrense, og ringnot i alle fall før 2013 når det gjeld driftsmargin, høgare når det gjeld gjeldsgrad og driftsdøgn. Når det gjeld totalrentabilitet ligg dei under kun ringnot.

**På bakgrunn av ovannemnde finn styret i Fiskarlaget Vest å ville gå inn for å oppretthalde dagens ordning der ein kan ha 3 kvotefaktorar pr. båt.**

(6 stemmer for og 1 stemme mot)

Totalt for ringnotgruppa har ein 41768,41 basistonn i følge høyringsnotatet. Ein har i dag 79 ringnotkonsesjonar, der av 33 i Hordaland og 2 i Rogaland. Ca. 42% av ringnotkonsesjonane tilhøyrer dermed Fiskarlaget Vest sitt distrikt.

I dag er basistonngrensa 650 t, dvs. at ein kan ha 64 fullstrukturerte konsesjonar/båtar.

Det vil seie at det er ein god del fartøy som ikkje er fullstrukturerte enno.

Ved ei basistonngrensa på 850 t – ca. 50 fullstrukturerte konsesjonar.

Om det blir auka strukturering i ringnot vil det seie at over tid blir arbeidsplassar/fiskarar strukturert vekk!

Nedgang i antal båtar vil sjølvstøtt og ha konsekvensar for leverandørindustrien (kompetanse på fiskefartøy m.m) til denne gruppa.

I høve «Økonomiske og biologiske nøkkeltal frå dei norske fiskeria 2012», frå Fiskeridirektoratet, tabell 4A, side 26, har antal fiskarar på Blad B blitt redusert frå 13.841 i 2002 til 9.825 i 2012, dvs. ein reduksjon på ca. 29% på 10 år.

I høve same statistikk for 2013 er det frå 2012 til 2013 enda ein reduksjon på 279 fiskarar på Blad B.

I høve «Fiskefartøy og fiskarar, konsesjonar og årlege deltakaradgangar, 2013», frå Fiskeridirektoratet, tabell 21A «Ringnotkonsesjonar», side 57 hadde ein i 1980 - 216 stykk, 1985 - 143, 1990 – 103, 2000 – 97, 2005 – 89, 2013 – 79.

Arbeidsplassane på ringnotfartøy har i mange år vore svært trygge og lønsame arbeidsplassar for fiskarane langs kysten.

Kvotane og prisane, og dermed inntekta til fiskarane, varierar frå år til år, men styret meiner at desse arbeidsplassane, på dei fleste fartøya, fortsatt er lønsame arbeidsplassar.

I følge høyringsnotatet ligg ringnot øverst når det gjeld både driftsmargin og totalrentabilitet, og lavast når det gjeld gjeldsgrad og driftsdøgn i perioden 2003-2012.

Styret i Fiskarlaget Vest meiner eit vedtak om auke i kvotetaket mest sannsynleg ikkje vil kunne bli reversert i ettertid, og at det kan vere uheldig at ein blir for få båtar i ei gruppe i høve legitimitet.

**På bakgrunn av høyringsuttalene og ovannemnde finn styret i Fiskarlaget Vest å ville gå inn for å oppretthalde dagens ordning med 650 basistonn.**

**Styret i Fiskarlaget Vest ber landsstyret i Norges Fiskarlag vurdere om saka bør takast opp på landsmøtet i 2015.**

(6 stemmer for og 1 stemme mot)

**SAK 58/14 INVITASJON TIL ÅRSMØTE I FISKERLAGET SØR, 24.-25.10.14, KRISTIANSAND.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest oppnemner leiar Kåre Heggebø og dagleg leiar Britt Sæle Instebø. Frank Midtbø blir oppnemnd som vara for Heggebø.»

**SAK 59/14 ADMINISTRATIVT HANDSAMA SAKER.**

Lista følgjer vedlagt.

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest tar saka til orientering.»

**SAK 60/14 REFERATSAKER.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest tar saka til orientering.»

**SAK 61/14 ORIENTERINGSSAKER.**

- Spørsmål om refordeling kystnot under 13 m.
- Krepseteiner i reketråfelt, møte med Fiskeridirektoratet – purring.

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest tar saka til orientering.»

**SAK 62/14 DELTAKARLOVA OG FISKEALSLOVA - OPPFØLGING.**

**VEDTAK:**

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til politiske utspel i det siste i høve m.a. deltakarlova og fiskesalslagslova.

Styret meiner at Norges Fiskarlag, i samarbeid med salslaga, snarast må kome på banen for å ivareta fiskarane sine interesser i desse sakene.

- - - - -

Møtet var slutt kl. 1540.

Kåre Heggebø  
Leiar

Mons Eivind Troland  
nestleiar

Finn Magnus Alvestad

Knut Arne Torget

Jarle Glesnes

Daniel Stenevik

Helge Olav Vikshåland

Britt Sæle Instebo  
sekretær